

Fra: "Olav Rabbe" <olav.rabbe@saudanett.org>
Sendt: mandag 1. desember 2025 20.56.00
Til: "Jakob Fjellanger" <jfj@nve.no>; "NVE Postmottak" <nve@nve.no>
Kopi: "Røldal Grunneigarlag" <roldalgrunneigarlag@gmail.com>
Emne: Spørsmål vedkomande konsesjon for Midtlæger og Vasstøl kraftverk (NVE saksnr 201913014)

Til
NVE

Spørsmål vedkomande konsesjonsforhold for tilleggsutbygging innanfor konsesjonsområdet til Røldal-Suldal Kraft AS referert opprinneleg konsesjon datert 21.2.1962

Viser til tidlegare samtale og ønskjer med dette ei skriftleg forklaring på kva som er meint med opplysningane i revisjonsdokumentet under pkt. 4.2 side 14.

Midtlæger kraftverk; siste kulepunkt: "Småkraftverk- konsedert etter vannressursloven og inngår ikke i revisjonen"

Vasstøl kraftverk; siste kulepunkt: "Småkraftverk- konsedert etter vannressursloven og inngår ikke i revisjonen"

Øvrige kraftverk tilhøyrande RSK konsesjonen inkludert alle tilleggsutbygging har klausul om heimfall til Staten etter 60 år,

dvs at dei skulle hatt heimfall i desember 2022.

Både Midtlæger- og Vasstøl kraftverk nyttar reguleringsmagasin som inngår i opprinneleg konsesjon frå 1962 mfl.

Endringa er i all hovedsak å kunna nytta fallhøgda til kraftproduksjon der vatnet tidlegare blei overført ved tapping.

I konsesjonen for Midtlæger datert 22.12.2010 står det; **Varighet: Ubegrenset**

I konsesjonen for Vasstøl datert 8. 11. 2004 står det; **Varighet: Ubegrenset**

Korleis blir dette å forstå i samband med ein fullstendig ny konsesjon slik det egentleg skulle vera når industrikonsesjonen gjekk ut?

Korleis er dette i høve til vilkårsrevisjonen med omsyn til å kunna retta opp skade på natur og miljø, minstevassføring i bekker og elvar mm.?

Det er ein klar skilnad på kraftverk som nyttar eksisterande reguleringsmagasin tilhøyrande konsesjonen frå 1962 med fleire.

Og til eksempel Einungselva kraftverk som nyttar eit uregulert felt vest for Valdalen.

Med helsing for Røldal grunneigarlag

Olav S. Rabbe